



No kjem polakkane også sjøvegen til Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**150 færre gjestedøgn i år enn i fjor kan hamnevert Leon Gundersen melda om etter båtsesongen 2007..  
- Likevel var det egentleg godt besøk, for denne sommaren er den nest beste vi har hatt, legg han til.  
Den beste var i 2006.**

Gundersen kan melda at gjestebesøket i 2007 kom opp i 1090 døgn medan det var 150 fleire i 2006 - altså 1.240.

Det var særleg svikt i feriemånadene juli og august medan mai og juni var bra. Noko anna forklaring på nedgongen enn det mistrøstige ferieveret har ikkje hamneverten.

Ellers gler han seg over det internasjonale innslaget gjennom sesongen. Nederlendarar og tyskarer var i fleirtal på denne statistikken, men det var også innslag frå Polen – og ein båt frå Louisiana, USA!

Som eit døme på at også utlendingane kjem til Uskedalen fortel Gundersen at det så seint som i september dukka opp ein tysk båt med far, mor, son og dotter om bord!

Av Ola Matti Mathisen